

Gode kolleger!

Minner om tre nyttige lokale samhandlingskurs no i haust tellande for spesialitet i allmennmedisin.

Fagdag i geriatri. Gode helsetenester til den sårbare eldre pasienten

- *nyttig og fagleg sterkt kurs for allmennlegar i Helse Førde området*

Dato: fredag 7.oktober-22, kl 08:00 – 15:30

Stad: Førde Sentralsjukehus – auditoriet

Kurspoeng: 7 timar til vidare- og etterutdanning for allmennlegar

Mulighet for digital oppkopling via Norsk helsenett/ Join (lenke sendast til påmeldte)

Påmelding: greta.gard.endal@helse-forde.no Telefon: 57839322/ 57839328

Påmeldingsfrist 1. oktober 2022.

[Fagdag i geriatri 7 oktober 2022_program.pdf](#)

Diabetesforum Sogn og Fjordane kombinert med nasjonalt webinar - 15 timars emnekurs for allmennlegar.

Webinar: Torsdag 08.09, 15.09 og 29.09.22 kl. 18-21 – kan sjåast i etterkant på video – lenke sendast ved påmelding.

Lokal samling 20. oktober 2022 på Scandic Sunnfjord Hotell, Førde – eige program for medarbeidarar med bl.a. «Grunnkurs i diabetes»

kl. 11.00 - 18.15. Middag for dei som ynskjer kl. 18.30

- begge må deltakast på for å få godkjent kurset som emnekurs!

Påmeldingsfrist 09.10.22

<https://www.diabetes.no/for-helsepersonell/konferanser/diabetesforum-i-fylkene-2022/diabetesforum-vestland-nord-2022/>

Emnekurs i ortopedi i Lærdal

- **oppsamlingskurs for dei som ikkje hadde høve til å delta våren 2022.**

Webinar i forkant på ca 9 timar som er ein del av emnekurset. Opptak av webinar frå april 2022. Lenke til webinarret blir sendt ut til påmeldte i god tid før det fysiske kurset.

Praktisk kurs 02.11.22 Lærdal sjukehus

Påmelding til normund.rolleiv.svoen@helse-forde.no innan 01.10.22.

Detaljer i PKO kalenderen her: [PKO-kalender - Helse Førde \(helse-forde.no\)](#)

Andre saker frå nettsida til PKO

Informasjon til gravide om tidleg ultralyd

Trude Hansen Folkestad, avdelingsjef/overlege ved kvinneklinikken Helse Førde har sendt epost til PKO. Ho skriv:

"No har Helse Vest åpna for å ta imot alle gravide til tidleg ultralyd. Helse Førde kan ta imot alle frå 1. november 2022. Vi opplever at mange av dei som er henvist så langt ikkje har lest informasjonen eller sett informasjonsvideoen som er laga av OUS.

Eg har lagt ved eit informasjonskriv. Vi ønsker at de gjev dette til kvinna/paret når de henviser henne til oss.

Eg minner om at vi i Førde kun tek imot rettighetspasientar til NIPT som har indikasjon for alder.

Dersom det er genetisk sjukdom som er årsak skal dei henvisast til fostermedisinsk senter ved Kvinneklinikken på HUS."

[Informasjonskriv til gravide som skal til tidleg ultralyd.pdf](#)

Ny pasientløype alkoholavhengigheit starta opp 22. august

Kva: Eit samarbeid mellom Seksjon rus ved Nordfjord psykiatrisenter og Medisinsk seksjon ved Nordfjord sjukehus, men gjeld pasientar frå heile Helse Førde-området.

Mål: Sikre rask og samordna hjelp til personar med alkoholavhengnad når døgnbehandling i spesialisthelsetenesta av medisinske årsaker ikkje kan vente.

[Ny pasientløype alkoholavhengigheit startar opp 22.08.2022.pdf](#)

[Pasientløype alkoholavhengigheit illustrasjon.pdf](#)

Rekruttering av lungesyke til «Pust Deg Bedre» - prosjektet

Innovasjonsprosjektet Pust Deg Bedre starta hausten 2021 ein pilot kor ein ønskte å ta det digitale verktøyet i bruk i kommunane. Kinn (Florø), Sunnfjord og Fjaler kommune vart med i piloten kor målet var å skaffe seg erfaring med bruk av verktøyet i 1. linjetenesta, før Pust Deg Betre vert implementert regionalt og etter kvart også nasjonalt.

Les meir i lenka om korleis tilvise til lokal fysiteapeut.

[Påminning til fastlegane om rekruttering_1.pdf](#)

Les meir på

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

Arkiv «Nytt frå PKO»

<https://samhandling-sfj.no/samhandlingstiltak/praksiskonsulentane/>

Med helsing

Normund Rolleiv Svoen

Praksiskonsulent/Leiar for PKO i Helse Førde

Mobil 95770807

Privat epost: svoens@gmail.com

Virtuelt møterom: 997564

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

Helse Førde HF

<https://helse-forde.no/>

